



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland

**HA EIN FLOTT START PÅ VÅREN!**

LESEVEKE PÅ BYGLAND SKULE: EI VEKE MED PIPPI!

LES MEIR - S. 9 <<<

Viking-bygda Bygland skal få landemerke i sverdform før sommaren. Arkeologikaféet i Kristiansand fortel om Bygland sine vikingfunn.

UNGDOMSKLUBB OG UMGDOMSRÅD - SAMAN FÅR DEI UNGDOM PÅ SKI

LES MEIR - S. 14 <<<

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS tilbyr henting av avfall og gjenbruksartiklar etter avtale.



MERKEDAGAR MARS 2026:

Mån 02.03: **Bygg Bygland**: Oppstart prosjekt Oversikt over ledige bustader og tomter (s. 6)
Palmesundag 29.03. kl. 12.00: **Friluftsgudsteneste** ved Hovassdammen, Åraksbø

>>> LES MEIR - S. 8

Barnetrinnet ved Bygland skule hedra verdas sterkaste jente som feirer 80-års jubileum i år: Pippi Langstrømpe stod i sentrum av leseveka!

LANGEIDSVERDET OG ARKEOLOGIKAFÉ

>>> LES MEIR - S. 13

Bygland Ungdomsklubb inviterer til skidag 07.03. og blir sponsa av Bygland Ungdomsråd.

SMG MED NYTT TILBOD: MILJØ- TAXI-TENESTA



ORDFØRAREN SI SIDE

ORDFØRAREN MED PÅ SAMLING TIL UNGDOMSRÅDA I SETESDAL

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

KJÆRE ALLE SAMAN

Mars er den fyrste vårmånaden. Det gledjast. Lysere og lengre dagar. Lysere tider.

Vi har lagt bak oss den opprivande og konfliktfylte vindkraftsaka. I kommunestyret er den saka lagt død.

Med det er mitt håp at vi kan gå vidare, «shake hands» og bli einige om å sjå framover.

I det politiske er det mange store og viktige saker å ta tak i framover saman med Bygg Bygland.

Bustadbygging og eit næringsliv som veks

Stikkord er bustadbygging og eit næringsliv som veks, og i botn skal vi sørge for at dei kommunale tenestene er gode og trygge. Samstundes skal vi i åra framover mot 2029 redusere driftsbudsjettet med 15 millionar. Det er er ambisiøst, for nesten heile budsjettet handlar om arbeidsplassar og enkeltpersonar.

At vi må løyse enda fleire oppgåver gjennom interkommunale samarbeid er i mi verd innlysande. Samstundes må vi sørge for at dei varme hendene, dei innan omsorg og oppvekst også er nære. Vi kjem til å bli utfordra på fleire område, både innan oppvekst og helse og omsorg.

Difor må vi også sørge for at dei frivillige har gode vilkår. Det er viktig å fortsatt prioritere Frivilligsentralen og Bua, og alle dei andre som gjer ein enorm innsats for å skape tilhøve, meining og innhald i kvardagslivet. Det er godt at vi nå jobber med å utarbeide ein skikkeleg Frivilligplan, der det er dei frivillige sjølv som utformar innhald og retning.

I Setesdal Regionråd jobbar vi konkret med å få statusen Nasjonal Turistveg for Rv9. Vidare jobbar vi også med å få langsiktig arbeid med Unesco inn på statsbudsjettet. Vi jobbar også i høve forsvar, beredskap og Heimevernet knytta til aktivitet på Evjemoen med sine skytefelt, saman med satsinga på Kjevik. Viktige saker for Bygland og heile regionen!

Bygland er ein god stad å bu. Eg oppmodar alle til å vere med å spreie nettopp det budskapet. Framsnakking mellom folk er uendeleg mykje meir verd enn betalte annonsar og marknadsføring. Eg vil avslutte denne helsinga med opninga av Ingvald Langemyrs dikt om våren:

«Eit under så stort, kvart einaste år,
Seint eller tidleg, alltid ein vår»

Mvh Runar Granheim



REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 79

- **Ansvarleg redaktør:** Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt; Oleh Moskalov
- **Bilete:** Framside: Hovstadvegen i Grendi; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt; Kva skjer: Isfisking ved Kilen, Bygland / Bygland kommune
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt april 2026: 27.03.2026, skrivefrist 26.03.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00;

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



- Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00
- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00;
 - EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00;

EVJE TANNLEGEKLINIKK



- Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



- Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
Vi har eit godt utval av bøker, tidsskrift, lydbøker og filmar for alle. Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av Hylestadportalen. Du kan òg tinge vikingsmykke i biblioteket sine opningstider.

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - MARS 2026



- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 03.03. kl. 09.00
- Formannskapsmøte: 05.03. kl. 09.00
- Kommunestyremøte: 18.03. kl. 09:00

Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE



Bygland Kommune

Undervisningsstillingar

Lærer - Bygland skule, Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 5080411808

Bygland

Publisert: 13.02.2026

Søknadsfrist: 16.03.2026



Bygland Kommune

Kontaktlærer

Byglandsfjord skule, Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 5080273426

Byglandsfjord

Publisert: 12.02.2026

Søknadsfrist: 09.03.2026



Bygland Kommune

Lærer

Bygland skule, Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 5078527339

Bygland

Publisert: 11.02.2026

Søknadsfrist: 02.03.2026



Bygland Kommune

Ferie-/sommarvikarar helse og omsorg 2026

Sykepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar - Helse og omsorg, Bygland Kommune

Sommerjobb

Webcruiter-ID: 5053346416

Bygland

Publisert: 17.12.2025

Søknadsfrist: 09.03.2026

ANDRE NYHEITAR FRÅ SETESDAL

STENGER R9 I TO VEKAR NORD I VENNESLA

På grunn av grave- og sprengingsarbeid stenger Statens vegvesen rv. 9 ved Hornskilen i to veker frå måndag 09.03.





SAMFUNN

KLIMA- OG MILJØPROGRAMMET I JORDBRUKET

Statsforvaltaren i Agder har fått 500 000 kroner i 2026 til regionale tiltak innan klima- og miljøprogrammet. **Ordninga rettar seg mot fag- og næringsorganisasjonar samt utgreiings- og forskingsmiljø, ikkje vanlege jordbruksføretak.**

I 2026 blir det prioritert prosjekt som handlar om:

- auka karbonlagring i jord
- tiltak og kunnskapsdeling om reduksjon av klimagassutslepp og klimatilpassing
- tiltak for å redusere avrenning til vassdrag med dårleg vasskvalitet
- nye miljøtiltak som reduserer belastning frå landbruket
- betre ressursutnytting i jordbruket
- jordkunnskap og jordhelse
- informasjon om konsekvensar av gjødselbruk- forskrifta
- ivaretaking av biologisk mangfald og kulturminne

Målet er at kunnskap raskt skal nå ut til næringa, styrkje rådgiving og forvaltning, og synleggjere jordbruket si miljøinnsats.

Søknadsfrist for midlane i Agder er **10. mars**, og søknad skal sendast via Altinn.

For meir informasjon: statsforvalteren.no/nb/agder/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Miljotiltak/Klima--og-miljoprogrammet-i-jordbruket/



Bilde: NLR Agder

PRODUKSJONSTILSKOT I JORDBRUKET – TELLEDATO OG SØKNADSRIST VÅREN 2026

Telldato for vårens søknadsomgang er **1. mars**, og søknadsfristen for produksjonstilskot og avløysartilskot er **15. mars**.

Dette gjeld alle føretak som driv med husdyrproduksjon.

Du kan sende inn søknaden digitalt gjennom Altinn via den nasjonale portalen for produksjons- og avløysartilskot. Lenkje finn du på **www.bygland.kommune.no**. Dersom du treng støtte til utfylling av søknaden eller har spørsmål om regelverket, kan du kontakte kommunen.

Jordbruksrådgjever tilbyr rettleiing etter avtale, og vi oppmodar alle til å ta kontakt i god tid før fristen går ut.



Å ENERGI ÅTVARAR MOT USIKKER IS OG OPNE RÅKER

Isen på regulerte vatn er usikker åtvarar Å energi.

Skigåarar, og andre som ferdast på vatna, blir oppmoda til å vere svært forsiktige. I tillegg blir isbadarar åtvara mot å bade i opne råker, då desse kan komme av farlege straumdrag i vatnet.



SAMFUNN

NY BÅT TIL TEKNISK DRIFT

Bygland kommune har fått ein ny båt til teknisk uteseksjon.

Båten skal brukast i oppdrag for vatn, avløp, inspeksjonar og andre arbeidsoppdrag på vatnet.

Båten er skaffa i samarbeid med brannvesenet. Dei vil nytte den til inspeksjonar og ved utrykkingar som krev båt.

Teknisk detalj:

- Pioneer Multi III med nedsenkbar front for enklare arbeidsoperasjonar
- Motor: Yamaha 80hk



ANNAT NYTT FRÅ TEKNISK ETAT

- Drift og forvaltning har fått to nye elektriske varebiler, type Nissan.
- DoF har òg renoverert kjøkkenet på SFO på Byglandsfjord.

ØKONOMI

EIGEDOMSSKATT 2026

Eigedomsskattelista blir lagt ut til offentlig ettersyn i tre veker frå den 27.02.2026.

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak blir det i 2026 skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett, jf. eigedomsskattelova § 3 c. Med heimel i eigedomsskattelova §15, blir eigedomsskattelista lagt ut til offentlig ettersyn i tre veker frå den 27.02.2026.

Skattelista blir lagt ut på kommunehuset og kommunen si heimeside.

BYGG BYGLAND

OVERSIKT OVER LEDIGE BUSTADER OG TOMTER

Bygg Bygland arbeider med å få på plass ei digital oversikt over ledige einebustader og gardar som er til sals eller til leige i kommunen. I tillegg ønskjer vi å få oversikt over ledige bustadtomter for sal. Målet er å få denne oversikta på plass no i vår. Men for å lukkast treng vi hjelp til å få oversikt over desse eigedomane.

Bakgrunnen for tiltaket er at kommunen og Bygg Bygland med jamne mellomrom får førespurnader frå folk som ønskjer å flytte til kommunen vår, men vi manglar bustader å formidle vidare. Difor prøver vi å etablere dette tilbodet, som skal vere positivt både for seljar/utleigar og kjøpar/leigetakar.

Dersom du eig ei av desse eigedomane og ønskjer å bli lagt inn i oversikta som skal profilerast på heimesida til kommunen, kan du ta kontakt med

Gyro Heia på 917 17 521 / gyro.heia@bygland.kommune.no



Illustrasjonsbilete: Sandnes i Bygland

HELSE OG OMSORG

Mars – program på Byglandsheimen

DAG	DATO	KLOKKE	AKTIVITET
Torsdag	5/3	14:00	Besøksvenn – Gamle ord og uttrykk
Tirsdag	10/3	14:00	Andakt
Onsdag	11/3	11:00	Open dag – Ellingsberg informerer og Geir Daasvatn framsyner
Onsdag	18/3	-	Ikke Open Dag
Tysdag	24/3	14:00	Andakt
Onsdag	25/3	11:00	Open dag
Torsdag	26/3	10:30	Evjetur

Onsdag 11. mars kl. 11.00 kjem kommunedirektøren Simon Ellingsberg til Byglandsheimen og informerer om kommunen. Etterpå framsyner hobbyfotografen og redaktør til Setesdalssida, Geir Daasvatn bilete frå Bygland

GENERELT FORBOD MOT RØYKING PÅ LEIKEPLASSAR OG UTANDØRS IDRETTSOMRÅDE FRÅ 1. JANUAR 2026

Frå 1. januar 2026 blir det forbode å røyke, inkludert bruk av e-sigarettar og vape, på alle leikeplassar og utandørs drettsområde som er opne for allmenta. Målet er å verne barn og unge mot passiv røyking. Kommunen og Statsforvaltaren fører tilsyn med at reglane blir følgde.



Leikeplassar:

Forbodet gjeld på alle offentleg tilgjengelege leikeplassar. Leikeplassar som er private og tydeleg merkte som avgrensa område (t.d. burettslag) er ikkje omfatta.

Utandørs idrettsområde:

Røykforbodet gjeld på opparbeidde idrettsområde som fotballbaner, friidrettsanlegg, basketballbaner, tribunar, sidelinar og område der utøvarar gjer seg klare. Forbodet gjeld òg når området blir brukt til andre arrangement.

Vanlege parkar, byrom og fleirbruksområde som turstiar og skiløyper er ikkje omfatta.

Ansvar:

Eigar eller den som har ansvar for området skal sørgje for at forbodet blir følgd, mellom anna ved å skilte, be folk om å slutte å røyke og vise bort personar som ikkje følgjer reglane.

Sanksjonar:

Kommunen kan gi pålegg om retting og tvangsmulkt. Desse sanksjonane blir retta mot den ansvarlege for området – ikkje mot enkeltpersonar som røyker. Vedtak kan klagast til Statsforvaltaren.

Forbodet er forankra i endringar i tobakksskadelova og regelen om kommunalt tilsyn i folkehelselova. For meir informasjon kan ein kontakte Helsedirektoratet eller lese Prop. 116 L (2024–2025).

OPPVEKST

LESEVEKE PÅ BYGLAND SKULE: EI VEKE MED PIPPI!

I veke 5 hadde 1.–4. klasse ved Bygland skule leseveke – og i år var det sjølvsaugt verdas sterkaste jente som stod i sentrum: Pippi Langstrømpe!

Kvar dag hadde vi høgtlesing frå Pippi-universet og stillelesing der borna fekk lese i sjølvvalde bøker. Ei perfekt blanding av lytting, leseglede og eigen fantasi på kjøpet. Måndag braka det laus med Pippiløype i Byglandshallen, der borna fekk boltre seg på ekte Pippi-vis – med fart, fantasi og kanskje litt meir tull enn vanleg.

Tysdag hadde vi songstund med kjende og kjære Pippi-songar, og resten av veka kunne ein høyre små Pippi-konsertar i gangar og klasserom: «Her kommer Pippi Langstrømp, tjola hopp tjola hei tjolla hopp san sa!»


Onsdag stod drama på programmet. Borna dramatiserte slutten på forteljinga om då Pippi fekk besøk av tjuvar – og her tok fantasien verkeleg av. Det var ikkje grenser for kva Pippi kunne finne på denne gongen!

Torsdag jobba elevane med Pippi-oppgåver og laga Pippi-pannekaker på skulekjøkkenet. Alle fekk prøve å snu pannekaker på Pippi-vis – og ja, det vart mange luftige sjev (og nokre litt skeive landingar).

Fredag runda vi av veka med evaluering, Pippi-film, popkorn og høgtideleg utdeling av diplom – heilt i Pippi-ånd.

Gjennom veka har vi blitt godt kjende med ei jente som framleis er eit strålende førebilete. Pippi har lært oss at det er lov å vere seg sjølv, at det er bra å vere ulike, at styrke handlar om meir enn musklar, at ein skal våge å stille spørsmål – og at både barn og vaksne treng å leike, le og tulle litt.

Vi har hatt ei fantastisk veke, og takkar Astrid Lindgren for historiene om Pippi Langstrømpe – som fenger minst like godt i dag som då dei vart skapte for 81 år sidan.



Alle bilete: Leseveke på Bygland skule / Fotograf: Bygland oppveksysenter

PÅSKEFERIE I VEKE 14: 30.03. - 05.04.

Me ønskjer alle barn og ungdom GOD FERIE!



KULTUR

SKULPTUREN AV LANGEIDSVERDET TEK FORM VED BOGSTAD GÅRD



Langeidsverdet blir laga på Bogstad Gård. Bilde 1+2: Smed, kunst og design AS; bilde 3: Kulturhistorisk Museum

Bygland kommune gler seg over å kunne dele at skulpturen av det ikoniske Langeidsverdet no er kome langt i produksjonen. Det framtidige landemerket på Bygland, Langeidsverdet, skal kome på plass før sommaren.

Skulpturen blei designa av Bjarte Aarseth, Senioringeniør 3D-skanning og billettskjærer ved **Kulturhistorisk Museum** i Oslo.

Produksjonsarbeidet blir utført av smedane og kunstnarane Håkon Busk og Brage Planke i selskapet **Smed, kunst og design AS**, som held til på historiske Bogstad Gård i Oslo. Dette er det største prosjektet ungkarane har begitt seg ut på saman, men dei har til no løyst kvar utfordring – og ligg godt føre skjema.

I tida framover skal skulpturen sveisast saman og overflatebehandlast før ho blir frakta inn til våre dalstrøk.

Langeidsverdet vart funne under arkeologiske utgravingar ved Langeid i Bygland i 2011, og vakte stor interesse fordi det er usedvanleg rikt utsmykka og knyter bygda direkte til dei internasjonale straumdraga i vikingtida. Sverdet er eit sjeldant døme på handverk av høgste klasse og ei sterk maktmarkering i samtida.

Den nye skulpturen blir ei kraftfull markering av denne historia – og eit synleg landemerke som helsar alle som kjem gjennom Bygland. Kommunen har som mål å ha skulpturen ferdigmontert i rundkøyringa på Bygland før sommaren.

ARKEOLOGIKAFÉ 12.03. KL. 18.00 - TEATERET, KRISTIANSAND

Agder fylkekommune inviterer til Arkeologikafé: Gull, vikinger, drager og kulturarv i Bygland - **torsdag 12. mars 2026, kl. 18.00 - 19.30**. Stad: Teateret, Kristiansand

Kvar møtest forteljingar om gull, vikinger, dreg og kulturarven? Jo i Bygland i Setesdal. Kom på arkeologikafeen torsdag 12. mars med arkeolog Ingvild Solberg Andreassen frå Kulturhistorisk museum og Bygland kommune.





KULTUR



OPPRUSTING AV KULTURSCENA

I løpet av hausten og vinteren har ein jobba med å ta ned den gamle trusseriggen på kulturscena, som ikkje lenger tilfredsstilte krav til tryggleik, og sett opp ein ny. Det har blitt malt tak, og det har kome ny lysmixar, nytt sceneteppe og nye lyskastarar. Det gjenstår litt arbeid med lyd, men når dette er i orden vil det vere ein kulturscene med svært god

standard. Arbeidet har vore utført av One co, med god hjelp frå lokale frivillige. Kommunen vil gi ein stor takk til medhjelparane; Finn Håkon Borgi, Tor Ånon Kleivane, Olav Grendstad, Yehven Voroshynin og Oleh Moskolov.

Kulturscena er ofte og mykje i bruk, og for at vi skal klare å halde den i god stand har vi nå opplæring og sertifisering av eit teknisk team. Dette teamet består av Finn Håkon, Tor Ånon, Olav G og Yehven. Skal ein leige kulturscena til store arrangement, må ein nå leige ein av desse til hjelp med tribunescene, lys og lyd. Rutine for leige av kulturscena vil ligge i bookingsystemet BookUp, på kommunens heimeside.



KOSMISKE MYSTERIER OG SPEKTAKULÆRE FENOMENER!

Lurer du på om det finst fleire planetar i solsystemet vårt? Kva tyder det at vi har den største aktiviteten på Sola på 22 år? Kva skjer om nærflygande asteroider treff månen? Er det bevis for liv på ien planet 124 lysår unna oss!?

Vil du kjenne på ein 3 kilos stor meteorittstein?

Fredag 6.mars kl 12.00, på Kulturscena, kan du få med deg eit foredrag av Knut Jørgen Røed Ødegaard - Noregs kanskje fremste ekspert på universet.

MUSIKK PÅ BYGLAND

Kong Hanes Eftf. Korøving: onsdagar kl. 19-21, musikkrom på Bygland skule

Bygland Hornmusikk: Korpsøving: tysdagar kl. 18-20, Bygland kulturscene

Bygland leikarring, Folkemusikk for dei yngste: måndagar kl. 16-16.30, Bygland ungdomsklubb



KORTREIST KULTUR: VALLE FOLKEAKADEMI (OPEN FOR ALLE)

- 13.03. kl. 19, Sølvarden, Rydsstad: **Morten Jentoft: 4 år med krig:** Noe håp for fred mellom Russland og Ukraina?
- 19.03. kl. 19, Hylestad soknehus: **Arnhild Skre: Hulda Garborg:** Kvinnen som formet det moderne Noreg.



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no
og på FB

Prestvikar ut mars: Inge Berg Pettersen: 994 04 666

Kyrkjevevje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

- **Gudsteneste**

- **med dåp:**

- søndag 15.03. kl. 11.00 i Bygland kyrkje
 - søndag 29.03. kl. 12.00 Friluftsgudsteneste ved Hovassdammen, Åraksbø - med atterhald om stadsendingar (følg med på Facebook)

- **Andakt på Byglandsheimen:**

- tysdag 10. og 24.03. kl. 14.00

- **Soknerådsmøte:** måndag 02.03. kl. 17.00, Kyrkjekontoret på Bygland

- **Treff: Herre café.** Eitt uformelt treff kun for herrar. Mest for å treffe andre og få seg litt luft. Lett servering & kaffe. tysdag 03. og 17.03. kl. 12.00 -15.00, Bjoren Brygge, Presteneset, Bygland



SPAREBANKEN NORGE GJEV 50 000 KR TIL NYE INSTRUMENT

Kyrkjelyden takkar stort for den rause gåva frå banken.

Me er glade for å fortelle at me har bevilga kr 50 000 til nye instrument i kyrkjene i Bygland og Årdal sokn, seier banksjef privatmarknad Torhild Landberg Felle i Sparebanken Norge.

Gåva skal nyttast til å finansiere det nye flygelet i Bygland kyrkje og det nye pipeorgelet i Sandnes kyrkje.

For kyrkjemusikken er det avgjerande med gode instrument. Kyrkjene våre vil med dette verte enno betre lokalar for kulturverksemd med desse investeringane. At banken gjev ei så raus gåve er me særst glad for, seier organist Eirik Hodnemyr. Organisten gler seg til å ta i bruk instrumenta. Flygelet er alt installert og tatt i bruk, medan orgelet som skal plasserast i Sandnes kyrkje kjem til våren når snøen smeltar.



Flygelene i Bygland kyrkje.
Fotograf: Eirik Hodnemyr



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8. klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagscafe: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (09. og 23.03.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (10. og 24.03.)
- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 - 20.00 (03. og 17.02.)
- Strikkecafé: til vanleg 1. og 3. torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (05.+ 19.03.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 16.30 - 18.00 (12. og 26.03.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (02., 16. og 30.03.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 - 17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00; 1x/månad); **13.03.**



Skidag 07.03 sjå s. 13. Følg elles med på Bygland ungdomsklubb si FB-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar



Workshop Handlingsplan Spelemannslag - torsdag 05. mars kl. 18.00 – 21.00 - [Setesdalsmuseet](http://setesdalsmuseet.no), Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad; setesdalsmuseet.no



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



MEKKEKLUBB: KVAR MANDAG FRÅ 17-20.

Mekkeklubben har no fått inn ein 3 d printer. Med denne kan du omtrent lage alt du har lyst til. Nokre nyttar det til å lage delar som dei ikkje får tak i som håndtak eller knaggar, nokre nyttar det til å lage dekorasjon, andre lagar smykker, nøkkelringer, eller gaver. Moglegheitene er uendelege. Har du eit barn som vil prøve? Møt opp på mekkeklubben. OBS: du må ha med deg ein føresett.



FANTASTISKE UTLÅNSTALL I JANUAR OG FEBRUAR BÅDE FRÅ BUA PÅ BYGLAND OG BUA HENGAR PÅ BYGLANDSFJORD.

Dette støtter artikkel i frå nrk, som seier at utlån har økt med 30 % over heile landet

- BUA Bygland: Januar og Ferbruar: 933 ting lånt ut!!
- BUA Byglandsfjord: Januar og Februar: 179 ting lånt ut! Her må en ta høgde for at utvalet er mindre i ein hengar enn i eit lokale, så dette er veldig bra!

Total sett 1111 ting lånt ut til no i år! Det vil vi seie er gode tal.

Sesongkorta me har i Brokke i år er også svært populære. Til no i år ha me lånt ut dei 124 gonger! Det syner at det er behov for eit slikt tilbod, som gjer at alle har råd til å prøve ein dag i slalombakken. Innkjøp av desse korta har ein høg kostnad, og utan donasjonar og tilskot utanfrå hadde aldri dette vore mogleg. Takk til bla Agder Fylkeskommune som gjer dette mogleg!

Takk til alle frivillige som jobber på veke etter veke, for å gi slik eit flott tilbod til alle innbyggjarar i Bygland kommune!

BROKKETUR MED BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Laurdag den 07.03.26 arrangerer Bygland ungdomsklubb frå 5. trinn - 3 Vgs felles

Brokкетur. (NB! BUA-bilen er full. Ingen ledige plasser. Ein må sjølv ordne med transport!)

Det vert avreise frå Bygland ungdomsklubb sine lokaler kl. 09.50 for DEI som på førehand har tinga plass i BUA-bilen. Vi returnerar/avreise frå Brokke då skisenteret stenger kl. 16.00.

Ungdomsklubben sponsar omtrent halve dagskortbilletten. **Bygland Ungdomsråd** sponsar eigenandel av NOK 220,- per person. **Me takkar Ungdomsrådet for denne flotte gåva!**

Vi oppfordrar dei som har årskort til å benytte dette, samt at ein kan høyre med BUA-Bygland om dei har ledige dagskort til gratis utlån! DU må sjølv dekkje eventuell leige av personleg utstyr som keycard, ski, skisko, staver, hjelm, briller osv.

Hjelm er PÅBODE om du skal renne med ungdomsklubben!

HUGS at BUA-Bygland har skiutstyr som ein kan låne GRATIS, dersom det er ledig.

Telefonnummer til BUA-Bygland er: 945 02 858

PÅMELDINGSFRIST ER: **Torsdag 05.03 kl. 20.00!** Skjema på bygland.foreningsportal.no/





TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING –MARS 2026

- **Matavfall og restavfall:** veke 10: torsdag 05.03.
- **Papir og plast:** veke 12: tysdag 17.03.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 12: torsdag 19.03.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (11.03.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (28.03.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert husholdningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (14.03.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

SMG IKS

MILJØTAXI – NY SERVICE FOR HENTING AV AVFALL OG GJENBRUKSARTIKLAR

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS tilbyr henting av avfall og gjenbruksartiklar etter avtale gjennom Miljøtaxi-tenesta.

- Rutetider for Bygland: andre onsdag i månaden

Spesialhentingar

Dødsbo og større enkeltoppdrag kan avtalast utanom faste ruter.

Bestilling

Telefon: 90 19 47 24. E-post: post@smg-iks.no

Pris

- 500 kr per tur (inkl. mva)
- Pensjonistar: 300 kr

Faktura blir sendt i etterkant.

Mengd og storleik

- Inntil 2 m³ per tur (større mengd etter avtale)
- Maks 2,3 m lengd, 1,2 m breidde, 1,2 m høgd per eining
- Maks 80 kg per eining
- To personar må kunna bera
- Avfall blir lett tilgjengeleg utandørs
- Innendørshenting sett etter avtale – kunden ber risiko for småskadar.

Me hentar mellom anna

Møbler, madrassar, kvitevarer, sykklar, klede, gjenbruksartiklar, papp, elektrisk avfall, sportsutstyr, bilrekvisita, hageavfall, rivningavfall m.m.

Husk på dette

Benytt gjennomsluktige sekker.

Farleg avfall må merkast.

NB: Pass på at ting som ikkje skal hentast ikkje står i nærleiken.

Bestillingsfrist

Bestillingar må vera inne seinast ei veke før hentedag.

For meir informasjon: smg-iks.no



SETESDAL MILJØ & GJENVINNING IKS



KINO PÅ BYGLAND - MARS

BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

ONSDAG 25. MARS

KL. 17.30: GOAT – DRØM STORT

6 år. 110 kr. Familiefilm

KL. 19.30: N.N.

Ikkje avklart enda ved redaksjonsslutt...




BYGLAND FILMKLUBB PÅ BYGLAND KULTURSCENE

SØNDAG 22. MARS

KL. 18:00: THE DOORS (1991)

15 år. JIM MORRISON`S LIV



YMSE

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad .

Vert og guide: Olav Grendstad. Ope fredag/sundag kl. 13 - 20

STOGA - **BRYGGA** - **UNGDOMSHUSET** KVELDSTOUROPPLEGG

- **Dikt- og ViseSTOGE: Harald Eikeland og Bjarne Ormestad les dikt og syng mest viser - fredag 20. mars kl. 17.13 -17.51 (gratis)**
- **Dans på Ungdomshuset på Bygland - fredag 20.03. om kvelden**



BARN

- **FamilieKRIK torsdagar i partallsveker fra kl 16.00-17.00 i Byglandshallen.**
Det er for barn 2-6 år i første omgang.
- **Byglandsfjord barnekor: måndagar i oddetalsveker kl. 17.00 -18.00, Fredheim bedehus - 09. og 23.03. (påskeverkstad)**

FOREDRAG

- **Roar Solheim:** Hva er "naturlig" natur. Tysdag 03.03. kl. 18.00 -19.30 i Grendi gamle skule, Hovstadvegen 28, Grendi; etterpå Årsmøte i Naturvernforbundet i Setesdal
- **Knut Jørgen Røed Ødegaard:** Kosmiske mysterier og spektakulære fenomener! Fredag 06.03. kl 12.00, på Bygland Kulturscene
- **Brynjar Landmark:** Påskeeggtradisjonar. Torsdag 26.03. kl. 18.00 i Ungdomshuset på Bygland, Kjøpmannsgate 8, 4745 Bygland



KVA SKJER I BYGLAND

MARS 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Isfisking med Bygland Jeger- og Fiskerlag
Bilete: Bygland kommune

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
tysdag 03.03.	Naturvernforbundet i Setesdal; Grendi gamle skule	kl. 18-19.30	Foredrag: Roar Solheim - Hva er "naturlig" natur?
fredag 06.03.	Bygland kulturscene	kl. 12	Kosmiske mysterier. Foredrag (sjå s. 10)
laurdag 07.03.	Bygland Ungdomsklubb; Brokke alpinsenter	heile dagen	Skidag på Brokke (s.13)
tysdag 10.03.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
torsdag 12.03	Agder fylkeskommune; Teateret, Kristiansand	kl. 18	Arkeologikafé med Ingvild Solberg Andreassen
sundag 15.03.	Bygland kyrkje	kl. 11	Gudsteneste
sundag 22.03.	Bygland filmklubb, Kulturscena	kl. 18	Film: The Doors
tysdag 24.03.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
onsdag 25.03.	Bygdekinoen; Kulturscena	kl. 17.30	Goat - Drøm stort (6år)
onsdag 25.02.	Bygdekinoen; Kulturscene	kl. 19.30	N.N.
torsdag 26.03.	Ungdomshuset på Bygland	kl. 18	Foredrag: B. Landmark - Påskeeggtradisjonar
sundag 29.03.	Hovassdamm, Åraksbø	kl. 12	Friluftsgudsteneste m/ dåp

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: s. 12



VELKOMMEN TIL FAMILIEBADING!

Symjebassenget og badstoga på Bygland skule
tysdagar og fredagar kl. 17.00 -20.00

OBS! Bassenget stenger for sesongen 27.03.

